

SKRIVARKNUTEN

Turtype: Fottur

Sesong: Barmark


Lengde: 10 km tur/retur

Høgdeskilnad: 380 m

Parkering: Ved Bortelid alpinsenter



Skrivarknuten (985 moh) er eit krevjande, men svært populært turmål på Bortelid, lengst nord i Åseral kommune. Grensa til Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde (SVR) går tvers over denne toppen. For å gå til Skrivarknuten går du merka DNT-løype mot Gaukhei. Start ved skisenteret. Gå opp den bratte familiebakken, hald fram forbi garasjen og vidare opp. Hald til venstre slik at du kjem inn på merka løype. Løypa går langsetter Kvitevatn (732 moh). I nordenden av Kvitevatn finn du ein flott gapahuk der du kan ta deg ein rast på vegen til Skrivarknuten – eller den kan vere turmål i seg sjølv. Vil du ha rundtur rundt Kvitevatn tek du retur på motsatt side av vatnet. Stien er merka. Vil du vidare til Skrivarknuten held du fram med å gå DNT-løypa til du ser skilt merka Skrivarknuten like etter Vetreskartjønnæ. Hald fram på sti merka med blå band. Toppen ligg om lag 2,5 km frå Gaukheistien.



SETESDAL VESTHEI - RYFYLKEHEIENE

Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde (SVR) blei oppretta for å ta vare på eit særprega landskap og Europas sørligaste villreinstantamme. For at andre skal kunne oppleve dette også i framtida, er det viktig å vise omsyn til både dyreliv og landskap. Respekter bandtvang, ta me deg søppel heim att og følg merka sti der det er mogleg.

Om du skulle vere så heldig å sjå villrein er det viktig å ikkje gå nærare – dei vert lett skremde. Gjer deg så liten som mogleg, unngå å lage høge lydar eller å stå i silhuett. Dersom du må gå vidare – gå rundt dyra i skjul og unngå at vinden tek med seg lukt frå deg mot dyra.

Ta alltid med kompass og skikkelig kart på tur! Me anbefaler Turkart Åseral (FLiR) eller N50 serien (kartverket). Sistnemnde kan også hentast gratis på nett – sjå norgeskart.no.